



Det er no 12 hytter rundt Mannsvatnet. Den omsøkte hytta vil liggja i dette området. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Under møtet i Forvaltningskomiteen onsdag blir det ein ny runde om hytta som Thomas Fjelland Eide ønskjer å bygga ved Mannsvatnet. Fylkesmannen har lagt inn klage over kommunen sitt positive vedtak og hevdar at hytta vil få ei landskapsestetisk uheldig plassering og kunna skapa uheldig presedens med omsyn til å opna opp området rundt Mannsvatn for fritidsbustader.

Men administrasjonen held fast ved si positive innstilling og meiner at det her ligg føre særlege grunnar til dispensasjon.

Den peikar på at området kring Mannsvatnet allereie er opna opp for småhytter. Det er i dag 12 hytter rundt vatnet og nokre av dei er nyleg bygde. Kommunen har hatt ei positiv innstilling til gardsbruk som ønskjer å halda fjellområde i hevd og ønskjer å ta vare på gardsbruka sine verdiar og mogelegheiter for framtida.

Kommunen meiner dessutan at innbyggjarane her skal kunne forvente ei forutsigbar og lik sakshandsaming. Sidan kommunen ikkje har endra politikk om småhytter i fjellet har administrasjonen same innstilling i denne saka som den har hatt i den seinare tida.

Fylkesmannen har mellom anna vist til at vedtaket i kommunen ikkje samsvarer med arealføremålet i kommuneplanen, at hytta ligg 30 meter frå vatnet og at ho er 65 kvadratmeter (seinare korrigert av søkjar til 50 kvadratmeter red.merknad). Her viser administrasjonen til vedtaket i kommunen der det heiter at bygning og storleik må vurderast i høve til estetikk slik at denne høver til føremål og stad. Vidare må plassering vurderast estetisk og i høve til terreng.

Kommunen vil ikkje tilrå større hytter enn det er kring vatnet frå før og det vil verta sett krav til plasseringa i eit eventuelt byggjeløyve.

Av Ola Matti Mathisen